

BARNEHAGEPRISEN 2009



NASJONALT SENTER
FOR KUNST OG KULTUR
I OPPLÆRINGEN

HILSEN FRA KUNNSKAPSMINISTEREN



Barnehagen er en viktig arena for å formidle, skape og fornye kultur og for å utvikle kulturell identitet. Kunst- og kulturopplevelser inspirerer barn til å skape egne kulturelle uttrykk. Den nasjonale barnehageprisen stimulerer til utvikling, mangfold og bredde i arbeidet med kunst og kultur i barnehagene - samtidig som prisen bidrar til å styrke kvaliteten.

Kristin Halvorsen

Kunnskapsminister, Oslo 05.11.09

INNHALD

- 3 Den nasjonale barnehageprisen 2009
- 4-5 Juryens faglege grunngjeving for dei fem vinnarane til den nasjonale barnehageprisen 2009. Juryen.
- 6-7 Kirkebakken Kulturbarnehage:
"Lokalkultur til små ranværinga"
- 8-9 Svartlamon Kunst- og kulturbarnehage:
"Monsterskjelett Mario"
- 10-11 SANDSLI barnehage:
"Hallo – din SKO!"
- 12-13 Brøset barnehage:
"Sjå, høypballan har på regnklær! Eit prosjekt om barns undring i møte med rundballar"
- 14-15 Røkeberg Kultur- og Naturbarnehage:
"Barn og kunst"

DEN NASJONALE BARNEHAGEPRISEN 2009

Den nasjonale barnehageprisen er i sitt andre år. Tiltaket er knytt opp til Kunnskapsdepartementets strategiplan for kunst og kultur i opplæringa, *Skapende Læring 2007-2010*.

Senteret fekk alt i juli 2007 oppdraget med å videreutvikle tiltaket slik det var presentert i *Skapende Læring*. Ved å utvikle og satse på ein nasjonal pris med både lokale og nasjonale utdelingar og med lokal, regional og nasjonal merksemd, ynskjer vi å lyfte fram det arbeidet i barnehagane for andre barnehagar og deira tilsette, for kommunar og nærmiljø, og for ikkje å gløyme for foreldrea og dei føresette. Vi ynskjer at alle skal kunne sjå det gode og konstruktive arbeidet i kunst, kultur og kreativitet som det blir satsa på i barnehagane – og ikkje minst sjå verdiane av dette arbeidet i barnas eiga skaparglede og læringsinteresse.

For Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa, som seinare fekk tildelt ansvaret for oppfylginga av heile strategiplanen i april/mai 2008, har dette tiltaket vore ein sentral og synleg del av senterets totale arbeid med og for barnehagesektoren som målgruppe. Denne målgruppa inkluderer ikkje berre barna og dei tilsette ved barnehagane i Noreg. Leiinga og barnehageeigarane er naturlegvis også viktige aktørar i sektoren.

Vi har alt byrja å få tilbakemeldingar på tydelege resultat frå tiltaket. Nokre barnehagar peiker seg spesielt ut ved at dei arbeider årleg, målmedvite og gjennomgripande med kunst og kultur som satsingsområde. På grunnlag av søknadene til Den nasjonale barnehageprisen 2009, har juryen valt fem barnehagar som kan vise til eit godt arbeid med kunst og kultur. Som vinnarar av prisen er dei med å spreie sine gode døme på dette feltet til andre barnehagar og til andre læringsarenaer. Vi har også fått tilbakemeldingar frå andre barnehager som har fått ei fornya interesse i kunst, kultur og kreativitet på grunnlag av prisen. Desse har vore i kontakt

med senteret for å få meir informasjon om korleis dei også kan arbeide betre med området i sin barnehage.

Vi er interessert i begge gruppene – både dei som alt får det til og dei som ser på sitt arbeid med kunst, kultur og kreativitet med nye auge. Slik sett ynskjer vi å bidra til å endre ein utviklingstendens som har vore synleg i barnehagesektoren i dei siste åra. Forskingsrapporten *Kvalitet og kvantitet: Kvalitet i en barnehagesektor i sterk vekst* av Aina Winsvold & Lars Gulbrandsen (NOVA Rapport 2/09), viser at talet på barnehager som arbeider systematisk med rammeplanens fagområde kunst, kultur og kreativitet, har søkkt kraftig frå 50 % i 2004 til 33 % i 2008. Dessutan viser rapporten funn basert på svar frå eit utval av barnehagestyrarar, om i kva grad de arbeider systematisk med blant anna undertemaet barnehagen som kulturarena. Einast 18 % oppgav at dei arbeider nokså mykje med undertemaet.

Saman ynskjer vi å snu denne utviklinga og å hjelpe kunst, kultur og kreativitet til å finne sin plass igjen i eit profesjonelt og velkomponert barnehagetilbod. Denne brosjyren presenterer dei fem vinnarane av årets barnehagepris. Det er òg mogleg å finne både døma og brosjyren frå fjorårets pris på nettsidene til senteret www.kunstkultursenteret.no. Vi vonar at fleire barnehagar vil bli kjent med tiltaket og dei gode døma som kjem fram i den, og ynskjer med dette lukke til vidare med arbeidet.



Ellen Marie Sæthre-McGuirk

Senter- og forskningsleder
Nasjonalt senter for kunst og kultur
i opplæringa



Barnehageprisen

Prisen er eit objekt laga i akryl av skulptør Harald Bodøgaard (2008). Bodøgaard arbeider i Bodø der han òg driv Galleri Bodøgaard. Han er kjend for sine skulpturar i stein, gjerne i kombinasjon med stål. Bodøgaard arbeider også med glas, mosaikk og akryl.

JURYENS FAGLEGE GRUNNGJEVING FOR DEI FEM VINNARANE TIL DEN NASJONALE BARNEHAGEPRISEN 2009

SVARTLAMON KUNST- OG KULTURBARNEHAGE: "MONSTERSKJELETT MARIO"

Sitat frå barnehagens søknad:

"Mario har ei stjerne ved sida av hjartet. Den er som ein alarm. Den er veldig viktig, for den hjelper hjartet med å gje viktig melding til hjernen – meldingane er gode og gjer at menneska blir gode." Benjamin, 5 år

Grunngjevinga til juryen: Juryen let seg nok ein gong fascinere av den eineståande evna til å smelte kunnskap, oppdagartrong og skaparglede i denne barnehagen. Dette gjeld både store og små. Svartlamon kunst- og kulturbarnehage tek utgangspunkt i bornas interesse for monster og skjelett. Prosjektet viser oss vegen frå fantasi og monsterforestillinger til naturvitenskapleg realisme. Personalet fungerer som støttespelarar og rettleiarar undervegs med ei oppriktig undring og nyfikne som inspirerer borna. Dei viser stor vilje til å hente inn tverrfagleg kompetanse frå nærmiljøet innanfor temaa biletkunst, forskning, sveising, gjenbruk, dans og yoga. Dei tek borna og medverkaden deira på alvor og monstra blir utvikla i eit landskap fylt med demokratiske prosessar, kreativitet og spontanitet. Personalet let borna koble kjensler og refleksjonar med kunnskap og intellekt. Dette gjer dei gjennom eit prosjekt fylt med god progresjon og grundig systematikk.

BRØSET BARNEHAGE: "SJÅ, HØYBALLAN HAR PÅ REGNKLÆR! EIT PROSJEKT OM BARNES UNDRING I MØTE MED RUNDBALLER"

Sitat frå barnehagens søknad:

"Dette har vore eit prosjekt fylt med meiningsskaping både for vaksne og ungar, der jordet for oss har blitt til ein vakker skulpturpark, og der høypballane har blitt til kunstverk i ei verd fylt med oppdaging og undring."

Grunngjevinga til juryen: I dette prosjektet let Brøset barnehage dei aller minste borna oppdage høypballar på eit jorde og lat dei undre seg, sanse og utforske rundballane over tid.

Høypballar seiest ofte å vere stygge og forstyrrende i naturen. Juryen er derfor imponert over barnehagens evne til å sjå på desse objekta med nye blikk; borna får sjansen til å utforske forma, storleiken, lukt og utsjånaden til høypballane gjennom fysiske aktivitetar og sansing. Prosjektet blir forma undervegs og knytt til tema som kunst, forming, estetikk, lokalhistorie og nærmiljøkontakt. Dei vaksne ser på seg sjølv som medforskarar, medan borna er forskarar i sitt eige lokalmiljø. Juryen meiner Brøset barnehage viser korleis ei mogleg verd, fylt med kunnskap og undring opnar seg, berre vi er villige til å gripe augneblinken!

SANDSLI BARNEHAGE: "HALLO - DIN SKO!"

Sitat frå barnehagens søknad:

"Det å skape og vere uvitande til det ferdige produktet, SAMAN med borna er gøy. Det at borna opplever vaksne også som søkjande og undrande, er viktig!"

Grunngjevinga til juryen: Juryen vil framheve personalets evne til å jobbe kvalitetsmedvite, grundig og fleksibelt med eit prosjekt som let borna få boltre seg innanfor skoverda. I søknaden heiter det at *"balansekunsten mellom å planleggje og samtidig vere open for alle moglege innfall, er vanskeleg og krevjande"*. Juryen kan trygt slå fast at barnehagen, saman med ein kunstarkitekt og ein filosof frå nærmiljøet, greier denne balansekunsten til fulle. Borna har i dette prosjektet gått på oppdagingsferd innanfor det konkrete og abstrakte. Gamle sko har blitt skapt til personlege uttrykk gjennom allsidig lek, forming og refleksjon. Språktrening har stått sentralt og borna har leika seg fram til nye skouttrykk som "Motorsagsko" og "Fjær-sko". Personalets evne til å glede seg og vise ekte nyfikne, smittar over på borna og humoren går som ein raud tråd gjennom prosjektet. Vi vil òg framheve personalets gode evne til å tilpasse prosjektet til bornas ulike alder. Her blir drama, rim og regler brukte når "sko-oppdraga" blir avslørte. Som her til barnehagens 3-åringar: *"Kan dere i Venus gruppen som vandrer så freidig i skog og hei, på deres vei finne en sko eller ti, som det går an å plante gulrøtter i?"*

KIRKEBAKKEN KULTURBARNEHAGE: ”LOKALKULTUR TIL SMÅ RANVÆRINGA”

Sitat frå barnehagens søknad:

”Kørv, kørv...borna smakar på ordet, syng det, roper det, kviskrar det...høgt og lågt.”

Grunngjevinga til juryen: Juryen synest at fokuset på lokale tradisjonar og lokalt særpreg, er med å skape ein kjerne av identitet og tilhøyrsløse hos borna. Eit mangfald av aktivitetar knytte til lokale tekstar, dialektuttrykk, historier, dans, song, eventyr og mattradisjonar er måtar til å bli kjent med si eiga notid, men også fortid. Personalet stiller undrande spørsmål som *”kva er det å vere ranværing?”*. Ved å la borna bli kjent med og stolt av eigen kultur, trur dei tilsette at borna også betre respekterer og forstår andres kulturar. Juryen er desutan imponert av barnehagens evne til å skape kontakt mellom generasjonane i dette nærmiljøet: Her møtest tilsette, born, foreldre, besteforeldre og oldeforeldre i ein kreativ og undrande atmosfære. Kultur, historie og kunnskap blir utveksla. Kirkebakken kulturbarnehage får også fram tilknyttinga til sørsamisk kultur gjennom å gje borna eit innblikk i både tradisjonell og moderne joik, og andre samiske tradisjonar. Personalet gjer eit stort arbeid med å synleggjere den samiske kulturen for born som veks opp utanfor dei samiske kjerneområda. Juryen ser her ein barnehage som på ein heilskapleg måte meistrar å knyte det lokale og nære opp mot noko større og meir universelt.

RØKEBERG KULTUR OG NATURBARNEHAGE: ”BARN OG KUNST”

Sitat frå barnehagens søknad:

”Vi vil ta vare på tradisjonen, samtidig som vi opnar opp for ny kultur, ny innsikt, nye opplevingar, uttrykk og kreativitet.”

Grunngjevinga til juryen: Juryen dreg fram Røkeberg kultur og naturbarnehages gode måte å gje borna innsikt i gamle, lokale tradisjonar på den eine sida og nyskapande, moderne kunstuttrykk på den andre sida. Barnehagen fer seg på ei dannelsesreise i sitt eige lokalmiljø i spenningsfeltet mellom det tradisjonelle og det samtidige. Personalet viser evne og vilje til å bruke dei opningane som finst i nærmiljøet og flettar dette inn i barnehagens aktivitetar: Mangfaldet er stort og spenner frå arbeid med vikinggraver, dyr i nærmiljøet, sansehage og sansetelt der samtidskunstnaren Morten Viskum har laga to installasjonar for borna, og ”Bokbamsen” som er eit leselysttiltak. Personalet har ei reflektert og medviten haldning til vaksenrolla i barnehagen og stiller spørsmål ved korleis dei kan ta vare på det spontane og kreative barnet, korleis dei kommuniserer med borna – og kvarandre, og om de sjølve har kontakt med eigen spontanitet og kreativitet. *”Vi vaksne er gjerne for opptekne av resultatet og gløymer å sjå barnet der det er”*: Dette sitatet er henta frå søknaden deira og juryens kommentar er at borna i Røkeberg er heldige som har eit personale som både ser dei, men som også torer å vere sjølvkritiske i sine vaksenroller.

JURYEN

GRETHE BEKKEVOLD

Utdanna førskulelærer og kunstpedagog. Ho har arbeidd i barnehagar som styrar og pedagogisk leiar sidan 1983, der ho spesielt har arbeidd med kunstprosjekt med bøker, biletkunst og drama/ teater. Grete held også kurs- og føredrag med fokus på kunststartane/ kunstfaga, noko hun har gjort sidan 1985, og framleis gjer. Arbeider i dag som formidlar ved KinoKino, Senter for kunst og film.

MONICA BJØRNBORG

Utdanna skreddar og førskulelærer med vidareutdanning innanfor leiing, rettleiing og pedagogisk utviklingsarbeid. I dag arbeider Monica som styrar i Universet studentbarnehage i Tromsø. Tidlegare har Monica arbeidd både i kommunal og private barnehagar med ulike eigarformer. Ho har også over ein periode på fleire år jobba aktivt for å spreie den pedagogiske filosofien frå den italienske byen Reggio Emilia i Tromsø.

CATHRINE JENSSEN

Utdanna innanfor fagområda pedagogikk og kulturfag med hovudfag i Sosialantropologi. Rådgjevar ved Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa med ansvarsområde innan pedagogisk verksemd, med særleg vekt på barnehage og grunnskule. Ansvarleg for Den nasjonale barnehageprisen. Trur at Barnehageprisen er med å lyfte fram og styrkje arbeidet og kompetansen innanfor kunst, kultur og kreativitet i barnehagane.

MONICA KRISTIANSEN

Utdanna førskulelærer ved Høgskolen i Bergen 1991. Er inspirert av den pedagogiske filosofien frå Reggio Emilia barnehagane som ho har arbeidd etter sidan 2001. Arbeider i dag som pedagogisk leiar i Akrobaten barnehage i Bergen. Barnehagen er ein av 15 pilotbarnehagar i Bergen kommunes prosjekt ”Den kulturelle bæremeisen”, eit kunst og kulturformidlingsprosjekt til barn i førskulealder. Har stor tru på at varierte og allsidige kunst- og kulturopplevingar gjer livet rikare for alle menneske.

KIRKEBAKKEN KULTURBARNEHAGE:

”LOKALKULTUR TIL SMÅ RANVÆRINGA”



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

I Kirkebakken kulturbarnehage ynskjer vi å gje barna innspel og opplevingar henta frå nærmiljøet slik at dei blir medvitne sin eigen kultur, og stolte av å vere ”ranværinga”. Dei skal få leike med ord og uttrykk frå distriktet og bli kjent sin språklege kulturarv. Dei skal få syngje lokale songar, høyre eventyr og segner frå nærområdet, få kunnskap og erfaring om lokale mattradisjonar gjennom å lage, smake og servere desse i barnehagen. Barna får også møte lokale kunstnarar i deira miljø og får lage sine eigne kunstuttrykk frå det dei ser og erfarer. Dette er ikkje eit tidsavgrensa prosjekt, men heller eit arbeid og ein tankegang som gjennomsyrrer haldningar og virke i barnehagen til dagleg.

GJENNOMFØRING OG ORGANISERING

Kvar månad har vi eit nytt ord eller uttrykk vi smaker på og leikar oss med. Det er viktig å gjere barna nyfikne på språk og det å prate ”ranværing”. Vi vil å ta vare på det lokale og knyte det saman med andre måtar å seie same ord på. Språkforståing frå tidleg alder blir leika inn i øyret. Dette gjer vi også i månadens song der helgelandstonar frå distriktet blir henta inn til bruk.

Vi bruker lokale stadnamn, eventyr og segner aktivt i barnehagen. Segna om ”Trollet i Rishatten” er eit eventyr vi har lært frå oldemora til eit barn som har gått i barnehagen. Det tek vi fram kvart år og det fylgjer barna på ulike måtar alt etter alder.

Rana-samfunnet ligg i eit gammalt sørsamisk distrikt, og for oss er det naturleg å ta med eventyr og segner frå denne kulturen inn i vår kulturelle sekk. Barn og vaksne har også lært seg ulike joikar, og vi har lytta og dansa til meir moderne samisk musikk.

Ranværingkost blir jamt servert. Dette varierer med årstidene og er med på å gje barna kunnskap om lokale matskikkar. Barnehagen samarbeider med lokale kunstnere og vi har også eit nært og godt samarbeid med kyrkja i nabolaget.

På årets store sommarfest inviterer vi familie og vener til å sjå barnas kunst på ei utstilling. Sommarfesten inneheld også ei framsyning med teater, song og dans.



KUNST OG KULTUR I BARNEHAGEN

Vi prøver å styrkje barnas kulturelle identitet og deira personlege uttrykk ved å leike oss med ord og uttrykk frå distriktet. Gje barna kunnskap om verkemiddel, teknikk og form gjennom samarbeid med profesjonelle kunstnarar i lokalmiljøet. Gje dei kulturelle opplevingar slik at det blir skapt rom for felleskap, nærleik og estetiske opplevingar. Vi skal kjenne på gleda og undringa saman!



SVARTLAMON KUNST- OG KULTURBARNEHAGE:

”MONSTERSKJELETT MARIO”



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

I november 2008 var dei eldste barna ved avdelinga svært opptekne av å teikne monster og skjelett. Skjeletta var grufulle og motbydelege! Interesse hadde kome i samband med store skattekart som barna hadde teikna og fortalt om tidlegere. For å hjelpe barna i studie av skjelettet let vi dei utforske modellar av menneskeskjelett, døde hovud av sauskjelett og ulike kjøtbrein. Vi fekk også låne ein hjerne frå Senter for hukommelsesbiologi/NTNU og ei anatomisk dokke frå Vitensenteret/NTNU.

I denne perioden vart det gjort klart for opninga av senter for kreativ gjenbruk (ReMida-senteret) i Trondheim. Vi vaksne visste at dette senteret ville bli svært viktig for oss i arbeidet vårt med materiale, og spurde derfor barna om dei kunne tenkje seg å lage ei gåve til senteret. Det ville dei sjølv sagt. Då vi spurde dei kva dei kunne tenkje seg å lage, bestemte dei seg for at dei ville lage eit stort monsterskjelett! ”Monsterskjelett Mario” vart eit prosjekt som varte heile vinteren og utover våren.

GJENNOMFØRING OG ORGANISERING

1) Teikningar av menneskeskjelett


Med utgangspunkt i barnas skisser av skjelett, tilførte pedagogane ny inspirasjon gjennom bilete, modellar og plan-sjar. Biletkunstnar Anne Helga sytte for at prosjektet levde til kvar tid, og hadde oppgåva med å samkøyre, oppsummere og vidareføre ut i frå dei dokumentasjonane som pedagogane hadde gjort.

2) Samling av alle skissene for å velje ut eitt felles utkast

Pål, Biletkunstnar og dagleg leiar ved ReMida-senteret, kom til barnehagen og såg på alt barna hadde laga. Etter å ha beundra skissene til barna, foreslo Pål at han kunne hjelpe dei med å setje saman bitar frå alle skissene til eit nytt, stort monster. Barna syntest dette var artig, og var straks samde.

3) Korleis lage eit stort monsterskjelett?

Barna var samde om at monsterskjelettet skulle bli stort, litt større enn dei, og det skulle ikkje gå i sund. Pål foreslo



derfor at han kunne hjelpe dei å få tak i ein sveisar som kunne sveise monstret i stål. Barna var kjempeimponerte, og syntest ideen var flott.

4) Studie av indre organ, blodsystem og fordøying




Lånt hjerne og anatomisk dokke budde hos oss eit halvt år. Desse objekta vart nøye studert av alle.

5) Kroppen i rørsle og avspenning

Dansegruppa DansIt, som er våre naboar i Kultur- og næringsbygget på Svartlamon, inviterte oss å kome ned til dansesalen deira. I tre veker leika de sammen med barna, og motiverte dei til å prøve ut ulike rørsler. Yogainstruktør Elin hadde samlingar med barna der dei utforska pust, musklar og lærte å "slappe av".

6) Monsterskjelett Mario kjem tilbake til barnehagen

"Hurra, monstret vårt kjem!" Barna var kjempeglade då Pål og Kurt sveisar kom til barnehagen med det ferdigsveisa monstret.



7) Barna tilfører blodsystem, hjarte og fordøyingsystem og hjerne

Dei arbeider med hovudet og hjernen samstundes. Barna henta materiala i ReMida-senteret i februar. Fordøyings-systemet kom på plass utpå vårparten ein gong. Monsterskjelettet Mario var blitt til.

KUNST OG KULTUR I BARNEHAGEN

I dette prosjektet har vi lukkast med å la barna få utforske ting på mange ulike måtar. Vi har også observert at det ofte ikkje er noko skilje mellom leik og arbeid. Barna leika med monstret, snakka med det og forklarte ting dei gjorde. Dei veksla fram og tilbake mellom Marios verd, deira eiga og det fantasifulle. Gjennom prosjekta våre ynskjer vi å vise sterke, stolte barn som trur på sin eiga skapande kraft. Vi ynskjer å framheve barnehagen som ein møtestad for læring i fellesskap, ein demokratisk møteplass som vernar verdiar som ulikskap, evna til å lytte til andre og deltaking.

SANDSLI BARNEHAGE:

”HALLO – DIN SKO!”



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Vi har sidan hausten 2006 vore pilotbarnehage i Bergen Kommunes storprosjekt: ”Den Kulturelle Bæremeisen” (DKB). Gjennom desse tre åra har barn og personale samarbeidd og skapt prosjekt innanfor temaa dans, dokketeater, dramaleik, film og musikk/ lyd- eksperimentering og visuell arkitekt-onisk kunst! I april 2009 var vi i årsplanen komne til tema-bolk 2 med tittel: ”Jeg fant, jeg fant- Miljøhjelperne i aksjon!”. Vi bestemte oss for å leggje DKB-kunstprosjektet inn i denne perioden og hadde nær kontakt med DKB- prosjektansvarleg, kunstarkitekten André og filosofen Julius frå nærområdet. Tanken om gjenbruk av SKO til eit kunstnerisk prosjekt fengde og vart utgangspunkt for prosjektet. Prosjektet fekk arbeidstittelen: ”Hallo – din sko!” (eit konkret forslag til tittel frå J, 5år).

GJENNOMFØRING OG ORGANISERING

Prosjektet starta med ei felles samling av alle barna: Drama-snutt og bileteserie av ”allverdas mogleg skotøy” skulle vekkje SKO-interessa, og oppi ein ”gamal støvel” låg oppdraga i brevform til kvar aldersgruppe. Barna og personalet var i gang, det same var foreldra!

I samarbeid med barnehagen utarbeidde André ei *prosjekt-skisse*. Denne vart justert undervegs, og var eit heilt nødvendig arbeidsverktøy for å kunne få gjennomført prosjektet. Balansekunsten mellom å planleggje og samtidig vere open for alle moglege innfall, er vanskeleg og krevjande. Ei prosjektskisse er her eit nyttig verktøy.

Det var dessutan spennande å sjå barna tenkje ut frå skisser og arbeidsteikningar, få ein haug med sko, velje seg den skoen dei ynskjer og skape den om ut frå sitt mål. Barna var ivrige på å leike med orda sko/ støvel, og dei laga nye ord-samansetjingar for produkta sine. Prototypar som blant anna ”Motorsagsko”, ”Hai-sko” og ”Fjær-sko” voks fram!

André hadde ei interessant samling med barna der han viste fram Van Gogh sitt sko-kunstverk. Det vart fundert omkring dette skoparet. Måleriet la grunnlag for å gjenskape kunstverket i to ulike variantar. Personalet gjekk ivrig i gang med å finne fram til uttrykk saman med kvar si gruppe førskulebarn. Ut i frå tidlegare erfaringar vart tida med barnegruppene brukt til å finne fram nye måter å lage collage, maling, liming og trykking.



Prosjektet vart avslutta med ei storstilt utstilling av både nye prototypar sko (oppfinningar) og kunstnariske reproduksjonar av Van Gogh. Saman med Andrè planla vi utstillinga og han gav oss ny kunnskap når det gjeld prinsipp for å lage utstilling. Vi lytta og lærte, og fekk omskapt det store rommet vårt til "orntlege" visningslokale. Det kan og SKAL gjerast stort det barna skaper – og det kan gjerast profitt!

KUNST OG KULTUR I BARNEHAGEN

Prosjektet har med seg rammeplanens overordna mål for omsorg, leik, læring og sosial kompetanse. Barnehagen som kulturarena er også i fokus. Sko er "tett på" identitet og kultur for store og små. Vi bruker rammeplanens sju ulike fagområde, og vi ser at ei filosofisk tilnærming er ein god start for å sjå alle opningar som finst rundt eit tema.



BRØSET BARNEHAGE:

” SJÅ, HØYBALLAN HAR PÅ REGNKLÆR! EIT PROSJEKT OM BARNES UNDRING I MØTE MED RUNDBALLAR”



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

3. september 2008 skulle ei gruppe med 12 av de yngste barna ved Brøset barnehage på tur til ei gangbru i nærmiljøet. På vegen dit vart barna fylt med glede når dei kom forbi åkeren og såg at kornet hadde blitt trøska, og halmen var rulla til store halmballar. Personalgruppa arbeider medvite med at barna skal medverke, og vi gjev medvirknad gjennom å lese dei minste barna sine kroppslige og verbale uttrykk og intensjonar. Desse uttrykka og intensjonane vart i denne situasjonen fylgt opp av dei vaksne. Dei opphavlege planane om å gå til gangbrua for å sjå på bilane, vart lagt til sides for det nye og spennande barna hadde oppdaga. Det som egentlig skulle bli ein helt annan tur, enda opp med å bli eit stort prosjekt med utgangspunkt i barnas interesse og undring for høypballar.

GJENNOMFØRING OG ORGANISERING

Det vart naturleg for dei vaksne å fylge opp barnas interesse ved å forske saman med barna. Barna vart veldig opptekne av storleiken og forma på høypballane: Tru korleis kjennest det å sitje på dei? Korleis er utsikta der oppe? Dette fekk alle

barna som ynskte det sjansen til å oppleve ved hjelp av dei vaksne, til stor glede for både store og små.

Når vi kom tilbake frå turen, såg vi på bileta som vi hadde teke. Vi bearbeidde inntrykka ved å snakke om dei og teikne høypballar. Gjensynsgleda var stor når turen gjekk til åkeren igjen. Barna sprang ut mot åkeren, og kom rundballane i møte. Den eine jenta på 2,5 år ropte ”Sjå, høypballen har på regnklær!”. Barna forsøkte å dytte på høypballane for å sjå om dei fekk høypballane til å trille. Dei vaksne tok barnas initiativ på alvor og oppmuntra dei til å finne ei løysing. Barna brukte mykje tid på å reflektere omkring det som er innanfor plasten.

30. mars 2009 gjekk turen til Voll gård, ein 4H-gard i nærmiljøet. Medan vi var i fjøset og såg på kyrne, fekk vi sjå ein traktor kome køyrande med ein rundball som vart plassert i eit traue som sto ute i ei innhegning. Noko av høyet frå rundballane fall ned på golvet og barna fryda seg over å mate dyra med det.



Den 15. april 2009 skulle vi igjen på tur til åkeren for å se på høyballane, men i staden for rundballar ser barna ”slangar” av plast på dei stadene der dei monumentale ballane har stått. Barna undra seg over kva som har skjedd med høyballane. Dei vaksne bidrog som refleksjonspartnar: Kva for spor er det som er på åkeren? Kva har traktoren gjort?

29. april 2009 fór vi nok en gang til åkeren. Denne gangen var han pløgd, og det var blitt sådd med korn som vi fann liggjande på bakken. Barna kasta kornet rundt på åkeren, for slik å bidra med såinga dei også.

Den 5. mai ville vi sjå om vi klarte å lage ein høyball sjølv. Fyrst så vi på bileta av høyballane og teikna høyballar. Så prøvde vi å lage høyballar av vår eigen heimelaga playdoh-leire og ståltråd.

Vi ser gjennom dette prosjektet at høyballane for barna har vore eit estetisk fenomen som de har undra seg mykje over. Det var tydeleg at de fryda seg over å springe på eit stort jorde fylt med herlege, runde ballar. Dei likte å ta på dei, sitje på dei, prøve å rulle dei, sjå at dyra åt dei, snakke om



dei og gjere desse inntrykka om til sine egne uttrykk gjennom song, leire og teikning.

KUNST OG KULTUR I BARNEHAGEN

Dette har vore eit prosjekt fylt med meiningsskaping både for barn og vaksne, der jordet for oss har blitt til ein vakker skulpturpark, og der høyballane har blitt til kunstverk i ei verd fylt med oppdaging og undring. Rammeplanen for innhaldet og oppgåver i barnehagen seier at vi gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal bidra til at barna ”utvikler sin følsomhet til å lytte, iakta og uttrykke seg gjennom allsidige møter og refleksjon over kultur, kunst og estetikk” og til at de ”styrker sin kulturelle identitet og sine personlege uttrykk”. For å nå desse måla har vi gjennom dette prosjektet ”oppmuntra og stimulert barna til å iakta estetiske fenomen og detaljar i møte med natur og fysisk miljø og i kunstnariske uttrykksmåtar. Vi har gitt barna høve til å bli kjent med tradisjonar innan kulturlandskap og kulturminne i lokalmiljøet, og sytt for ”ein estetisk dimensjon i fysisk miljø og innhald”.

RØKEBERG KULTUR- OG NATURBARNEHAGE: "BARN OG KUNST"



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Vestfossen er ein tidlegare industristad med tradisjonar som strekkjer seg tilbake til 1500-talet. Store delar av den industrielle infrastrukturen stod ubrukt frå ca 1970 og fram til år 2000. Etter langvarig satsing på kultur har det ført til at fleire kulturinstitusjonar har etablert seg på staden, og Vestfossen kallar seg no for "Kulturhovedstaden". Utgangspunktet for prosjektet vårt er alt som kan gjerast i dette nærmiljøet. Barna i Vestfossen veks opp i spenningsfeltet mellom det tradisjonelle og det nytenkjande. Vi ynskjer å ivareta tradisjonen, samtidig som vi opnar opp for ny kultur, ny innsikt, opplevingar, uttrykk og kreativitet. Vi vil gi barna røter og vengjer! Samtidig vil vi ta vare på det naturleg kreative og spontane som finst i alle barn. Prosjektet "Barn og Kunst" starta i 2007 og varer til 2011.

GJENNOMFØRING OG ORGANISERING

Vaksenrolla har vore ein viktig del av prosjektet: Korleis kan vi ta vare på det spontane og kreative barnet? Har vi kontakt med eigen spontanitet og kreativitet? Korleis kommuniserer vi med barna? Korleis kommuniserer vi med kvarandre? Er

vi tydelege? Kan vi undre oss samman med barna, og snakke **med** dei – ikkje berre **til** dei. Desse spørsmåla arbeider vi med kontinuerleg i form av kurs og eigen kompetanse som blir teke i bruk på personalmøte og planleggingsdagar. Denne tankegangen tek vi også med oss i de ulike prosjekta som viser korleis vi implementerer kunst og kultur i barnas kvardag:

- Arbeid med "Kulturskattar": Vi ser, opplever, sansar og legg til rette for kreative uttrykk. Eksempl på "Kulturskattar" er vikinggraver (vi har fleire gravhaugar rett ved barnehagen), dyra i nærmiljøet, huset vårt (som er ein gamal skolebygning frå byrjinga av 1900 tallet), Vestfossen Kunstlaboratorium (stor utstilling av samtidskunst), Fossesholm Herregård, Sansehagen – ein flott hage ved eit kunstgalleri.
- Samarbeid med kunstner. Vi har eit "sansetelt" som vi fyller med ulike uttrykk. Denne våren har samtidskunstnar Morten Viskum teke utfordringa og hatt to installasjonar i "sanseteltet". Vi har observert barns ord og uttrykk.




- Vi har også eit tett samarbeid med *bokbamsen* i Øvre Eiker kommune. Bokbamsen har i oppgave å stimulere til leselyst og bidra til å forstå for verdien av tidleg språkstimulering hos barn.
- Vi planlegg òg eit samarbeid med lokale kunstnarar der vi ynskjer å lage ein "skulpturpark" i barnehagen med utgangspunkt i barneobservasjonar og at barna deltek. Kunstnarar har laga skisser på kunstverk som vi kan ta på, klatre på, leike i og sanse med heile seg.

KUNST OG KULTUR I BARNEHAGEN

Prosjektet er forankra i rammeplanen gjennom at kulturverdier, slik dei blir spegla i barn sitt oppvekstmiljø, må vere representert i verksemda til barnehagen. Barnehagen tek også del i kulturen i nærmiljøet og vi gir barna rike erfaringar med kunst og kultur.

Barnehagen vår har eit mangfaldig kulturmiljø rett utanfor porten, og vi vil bruke dette saman med barna som ei slags "danningsreise i lokalmiljø".



Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen
Høgskolen i Bodø, 8049 Bodø • Tlf. +47 75 51 75 00
Fax + 47 75 51 74 57 • post@kunstkultursenteret.no

kunstkultursenteret.no

